

LNK

NYNORSKKOMMUNANE

LANDSTINGET

2023

INNHALD

SAK 1	
KONSTITUERING	3
SAK 2 ÅRSMELDING 2021 OG 2022	4
SAK 3 REKNESKAP 2021 OG 2022	14
SAK 4 ARBEIDSPROGRAM 2023-2027	22
PRINSIPPROGRAM	22
ARBEIDSPROGRAM	22
SAK 5 FRÅSEGNER	24
SAK 6 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR	25
VEDTEKTER FOR LNK	26
LNK FEIRAR 30 ÅR	28
MEDLEMER LNK 31.12.2022	29

SAK 1 KONSTITUERING

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2021–2022
3. Rekneskap for 2021–2022
4. Arbeidsprogram for 2023–2027
5. Fråsegner
6. Val av styre, valnemnd og revisor

Vedlegg

Gjeldande vedtekter for LNK
Medlemsliste per 31.12. 2022

FRAMLEGG TIL MØTEFØRESEGNER

1. Landstinget vert halde for opne dører, dersom ikkje tinget vedtek noko anna.
2. Landstinget fastset endeleg dagsorden for møtet.
3. Landstinget vel to ordstyrarar, to møterefarentar, to utsendingar til å skrive under møteprotokollen og tre utsendingar til å vere røysteteljarar.
4. Ei fullmaktsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal sjå til at alle utsendingar er valde frå medlemer som har røysterett, og at dei har rette fullmakter.
5. Ei redaksjonsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal etter oppdrag frå landstinget forme ut og samordne framlegg til vedtak i saker.
6. Taletid vert fastsett av landstinget etter framlegg frå ordstyrarar.
7. Landstinget kan gjere vedtak om at andre enn utsendingar får talerett.
8. Alle framlegg skal leggjast fram skriftleg.
9. Endringar i føresegnene kan berre gjerast med 2/3 fleirtal. Andre vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Dersom det er likt røystetal, er røysta til ordstyrar avgjerande. Berre dei som er til stades i møtesalen når ei sak vert teken opp til røysting, kan vere med i røystinga i den saka.

Sak 2: ÅRSMELDING 2021 - 2022

Annakvart år, i samband med årsmøtet og landstinget i LNK, legg organisasjonen fram ei fyldig årsmelding og revidert rekneskap for dei siste to driftsåra. Styret vurderer det slik at denne rapporten, saman med revidert rekneskap for meldingsåret, gjev eit godt bilete av drifta i organisasjonen.

Dei siste to åra har LNK vore gjennom fleire endringar. Styreleiar gjennom mange år, Solfrid Borge gjekk på årsmøtet på Stord september 2021, og dagleg leiar Vidar Høviskeland gjekk av med pensjon i desember 2021. Sara Hamre Sekkingstad blei valt som styreleiar og Framtida.no-redaktør Svein Olav B. Langåker gjekk inn som dagleg leiar.

Pandemien har påverka arbeidet, men sidan organisasjonen lenge har jobba digitalt, så er det berre dei fysiske møta som har blitt påverka.

Landstinget 2021

LNK planla først Landstinget på Stord som ei fysisk tilskiping i juni, men måtte etter kvart tilpassa arrangementet til gjeldande smittereglar og flytta tilskipinga til Stord Hotell 22.-23. september 2021. Tinget samla om lag 60 deltakarar, i tillegg til dei som følgde årsmøtet og konferansen digitalt. Pandemien må ta ein del av skulda for at deltakartalet var relativt lågt.

Landstinget hadde seks hovudtema:

- Nynorsk og inkludering
- Nynorsk inspirasjon
- Nynorsk i samfunnet og i næringslivet
- Oppfølging av språklova
- Digitalisering og nynorsk
- Nynorsk hovudstaden

Linda Eide og Sjur Hjeltnes sytte for eit populært «språksjov» i Stord kulturhus. Landstinget vart arrangert av LNK i samarbeid med Stord kommune, Vestland

fylkeskommune og organisasjonen Nynorskfylket Vestland.

Framtida.no

Totalt i 2021 har over 880.000 brukarar vore innom Framtida.no. Det er det nest høgaste brukartalet nokon gong. I 2022 var talet kring 800.000 brukarar.

I snitt var over 19.300 brukarar innom Framtida.no kvar veke i 2021, og i 2022. Kvar månad har 60-140.000 brukarar vore innom nettstaden. Trafikken frå læringsplattformer held fram med å auka gjennom pandemien. Det viser at Framtida.no blir mykje brukt i skulen. Etter at pandemien gjekk over, og skulen blei litt mindre digital, så har trafikken som venta gått litt ned. I tillegg er fleire artiklar frå Framtida.no republisert i læremiddelverk av forlag som Aschehoug, Cappelen Damm og Gyldendal.

Kvalitetsjournalistikk som blir lagt merke til

I 2022 publiserte Framtida rett over 1300 artiklar og debattinnlegg, noko som er litt færre enn 2021.

Det har vore ei medviten satsing dei siste åra å laga meir kvalitetsjournalistikk som krev meir arbeid. Redaksjonen har brukt meir tid på fleire lengre journalistiske prosjekt, og meir tid på laga fleire lengre artiklar, intervju og reportasjar.

Framtida.no har i året som har gått gjennomført fleire journalistiske prosjekt støtta av Fritt Ord. Gjennom prosjektet «Unge og tru» sette Framtida fokus på minoritetsreligionar som sikhar, jødehets og dei mange som ikkje trur. Sommaren 2022 sette me i prosjektet «Ung på bustadmarknaden» fokus på unge sine kår på bustadmarknaden – både som leigetakar og kjøparar. I januar 2023 set Framtida.no i gang med det journalistiske prosjektet «Minoritet og makt», der me undersøker tilhøva for dei språklege minoritetane i

Noreg, og korleis ulike minoritetar vert møtt av myndigheiter og storsamfunn. Sidan Framtida.no starta i september 2010 har Framtida.no og Magasinet publisert kring 23000 artiklar. Ifølgje nyheitsovervakingsstenesta Retriever har Framtida.no blitt sitert og omtalt 202 gonger i andre medium i 2022. Blant sakene som har fått mest merksemd er saka om [NRK Super-programleiar Sally Kamara som ikkje fekk rullestolen opp på scena under ei prisutdeling](#) og saka om at [unge skeive fekk høyra at «dei fortente det» i etterkant av Oslo-skytinga](#). Framtida har halde fram sitt gode samarbeid med [ABC Nyheter](#), som har republisert 79 av artiklane våre. Til saman er desse lese over 400 000 gonger hjå ABC Nyheter.

Instagram- og TikTok-satsing

Frå hausten 2019 har me satsa meir målretta på Instagram og Instagram stories, og denne satsinga har halde fram. Ved inngangen til 2023 har Framtida.no 4274 følgjarar på Instagram, som er ein 9 % auke sidan starten av 2022. Ved årsskiftet følgde 7558 Framtida.no på Facebook – ein oppgang på 296 følgjarar i løpet av året. På Twitter har me 2950 76 følgjarar, ein nedgang på 26 følgjarar. 2022 var òg året då Framtida.no satsa for alvor på TikTok med «Kort forklart»-journalist Åshild Slåen. Framtida.no har 298 følgjarar på TikTok og har i løpet av året hatt ein viral TikTok-video som er sett 80.000 gonger.

Skrivekonkurransar og debattsatsing

Framtida.no har saman med Magasinet og eksterne samarbeidspartnarar som ForUM for utvikling og miljø og Norsk Målungdom arrangert fire skrivekonkurransar for unge i 2022. Tema for desse var [fritid](#), [identitet](#), [berekraftsmåla 2030](#) og [tradisjonar](#). Skrivekonkurransen om berekraftsmåla 2030 vart mykje brukt i skulen, noko me ser at også er tilfellet for fleire av Framtida.no sine best lesne saker.

Nyhende- og debattavisa har i 2022 publisert 143 [meningsinnlegg](#) skrivne av engasjerte unge frå heile Noreg. Det er noko færre enn i 2021 og toppåret 2020. I 2022 har Framtida.no arbeidd med å utvikla ein eigen debattportal for unge, støtta av Medietilsynet. Denne skal lanserast i 2023 og me vil difor satsa enno meir på å henta inn og løfta meningsmangfaldet blant engasjerte ungdommar frå heile landet – på nynorsk.

Framtidajunior.no

I 2022 fylte Framtidajunior.no fem år. Nettavisa for barn mellom 7-13 år hadde 122.000 brukarar innom nettsidene – det nest høgaste brukartalet nokongong. I rekordåret 2021 var over 137.000 brukarar innom Framtidajunior.no. Totalt sidan oppstarten 17. oktober 2017 har over 538.000 brukarar vore innom nettsidene våre. Framtidajunior.no blir mykje brukt i skulen, men me er òg glade for at trafikken aukar i helgane og feriane. Det kan tyda på å Framtidajunior.no også blir brukt meir i fritida. Framtidajunior.no har gjennomført seks [skrivekonkurransar](#) i 2021 og seks i 2022. Totalt har det kome inn over 1000 bidrag frå barn over heile landet. Dei beste tekstane er publisert på [meningar-sidene](#) til Framtidajunior.no. I 2021 har me publisert kring 950 artiklar på Framtidajunior.no og 33 kvissar. Sidan starten 17. oktober 2017 er det publisert over 3700 artiklar og 175 kvissar.

Framtida Junior – papiravis

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsidene driv me papiravisa Framtida Junior. Frå 2022 går avisa over til å koma ut kvar måned, i staden for kvar 14. dag. Abonnentane kjem frå over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gi eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida Junior. Avisene har allereie bidratt mykje inn i samarbeidet, med både marknadsføring og innhald til papiravisa.

Talet på abonnentar har auka etter at Bergen kommune bestemte å abonnere på 200 aviser til fleire skular i kommunen.

Lesedigg

I 2021 og 2022 har Framtida Junior samarbeidd med Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune om å utvikla ei ny digital teneste som skal hjelpe barn å finna kjekke bøker å lesa. Utviklinga av sida var støtta av Nasjonalbiblioteket. Lesedigg hadde ei førehandslansering på Sagvåg skule juni, og vart offisielt opna på Festspela 9. juni med to arrangement i Ivar Aasen-tunet saman med Aina Basso for fleire klassar frå fleire skular. Mange bibliotek bruker Lesedigg til å informera om bøker til barn, og Lesedigg har fått god merksemd. Fleire tusen gratis Lesedigg-bokmerke er delte ut gjennom folkebiblioteka i medlemskommunane. Sidan juni har Lesedigg hatt over 11.000 sidevisingar og nær 8000 brukarar. Lesedigg fekk 125.000 kroner i støtte frå Bergesenstiftelsen til å produsera og spreia bokmeldingar, bokomtalar og forfattarintervju og laga aktivitetar for barn og unge.

Barnehagar

Det er eit viktig mål for LNK å arbeida for meir medvetne haldningar til språk og kultur i barnehagane. Arbeidet til LNK blir gjort gjennom Pirion og Pirionkurs. I 2021 stod fleire digitale Pirionkurs klare. Desse vart utarbeidd i nært samarbeid med Janne Karin Støylen og Sunnfjord kulturskule, og var støtta av Utdanningsdirektoratet. Kurs har blitt tatt godt i mot i barnehagane, og er å finna på Pirion.no/tag/Pirionkurs

Debatkurs, journalistkurs, bokbad og arrangement for barn og unge

Framtida.no og Framtidajunior.no har arrangert fleire arrangement og kurs for skuleklassar, ungdomsråd, skular og bibliotek dei siste to åra. Kursa og arrangementa for barn og unge er ettertrakt, og over 500 barn og unge har

blitt kursa i debatt, miljøjournalistikk og det å skriva bokmeldingar i 2022, ein liten auke frå året før. Kurset i miljøjournalistikk har vore støtta av Vestland fylkeskommune. Totalt var det over 1600 på arrangement for barn og unge som Framtida.no eller Framtida Junior arrangerte i 2022. Her er nokre av arrangementa for barn og unge dei to siste åra:

- arrangert demokratidag for ungdom i lag med Nynorsk kultursentrum på Vinjesenteret hausten 2021
- kursa kring 150 ungdommar i Fitjar, Time, Vinje og Stord i debatt i 2021 og om lag like mange ungdommar i Stord, Haugesund, Bømlo, Askøy og ungdomsråda i Sunnhordland i 2022.
- kurs i miljøjournalistikk for 19 skuleklassar i 2022 i sju forskjellige kommunar saman med Framtida Junior, støtta av Vestland fylkeskommune.
- vore medarrangør av Berekraftvekene 2021 og 2022 med fleire arrangement for barn og unge på Stord
- vore medarrangør av webinar med LHBTQI+-aktivistar frå Aust-Europa i 2021, i samarbeid med Den norske Helsingforskomité.
- samtaleleiar på Mosterseminaret for ungdom i Bømlo 2022

Medverknad frå barn og unge

Størstedelen av aktivitetane til LNK er aktivitetar og tiltak for barn og unge. Eit av hovudmåla til Framtida.no og Framtida Junior er å visa fram og styrka engasjementet til barn og unge. Me har gjennomført lesarundersøkingar for både Framtida Junior og Framtida.no. Her har brukarane gjeve tilbakemeldingar om prioriteringar av stoffområde og vurderingar av innhaldet på dei digitale kanalane. Det har òg vore mogleg å koma med frie tilbakemeldingar.

Desse tilbakemeldingane har blitt tatt opp på redaksjonsmøte og strategisamling for redaksjonane. Framtida Junior har brukt referansegrupper med barn frå fleire barneskular for å gje tilbakemeldingar på innhaldet på Framtida Junior og utviklinga av det nye tilbodet Lesedig. Det er svært viktig for oss å ta barn og unge på alvor og høyra på tilbakemeldingane deira. Elles har mykje av det Framtida Junior og Framtida.no driv med som mål å bidra til barn og unge får medverka i samfunnet og delta i demokratiet. Blant anna har me arrangert ei rekkje debatt- og journalistkurs for barn- og unge – og fleire skrivekonkurransar.

Konferansier, kursverksemd og debattleiing

LNK og Framtida.no har i meldingsåra fått ein del inntekter frå verksemd som konferansier, kurs og debattleiing.

- innleiing om debatt og debattkurs i folkebiblioteka på Bibliotekdagane i Bergen april 2022 for bibliotekarane i Vestland.
- debattleiar på Nynorskkonferansen til Nynorskfylket Vestland.
- leia direktesendt valdebatt på Stord, i samarbeid med Bladet Sunnhordland og Stord folkebibliotek
- samarbeidd med Falturiltu om å arrangera Falturiltuseminaret og leia samtalar
- leia debattar og bokbad på Stord i samarbeid med Stord folkebibliotek
- leia direktesend språkdebatt i samarbeid med Noregs Mållag, Time vidaregåande skule, Rogaland Mållag og Garborgsenteret før valet 2021.

Økonomi for barne- og ungdomssatsingane

Ingen andre nynorsksiltak når så mange brukarar for så lite pengar som Framtida.no. Me er svært glade for at støtta

frå Kulturdepartementet på 1,2 millionar kroner til Framtida.no og Framtidajunior.no held fram.

Me er svært glade og taknemlege for alle andre som har støtta drifta vår i løpet av året som har gått. ABC Startsidan har støtta Framtida.no med 250.000 kroner.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) støtta med 400.000 kroner direkte til Framtida.no. Framtidajunior.no har fått 200.000 frå LNK i 2020. Framtidajunior.no har òg blitt støtta av Utdanningsdirektoratet og Magasinett. Utdanningsdirektoratet støttar òg kursa våre i bokbad og debatt.

I 2021 har Framtida.no hatt ansvar for den redaksjonelle drifta av LNK.no, og har fått kompensasjon for dette. Framtida.no-redaksjonen har òg hatt ansvar for drifta av Pirion.no og Magasinett.

Norsk Kulturråd har gjeve Framtida.no i tidsskriftstøtte i tre år, seinast 180.000 kroner i 2021. Men i 2022 fekk

Framtida.no avslag. Fritt Ord har støtta «Gløymde kriser»-prosjektet vårt med 75.000 kroner og «Kven skal snakke for framtida?»-prosjektet vårt med same sum.

Bergesenstiftelsen har støtta eit miljøjournalistikkprosjekt i Framtida.no og Framtida Junior med 75.000 kroner.

Vestland fylkeskommune har støtta dette med 50.000 kroner i både 2021 og 2022.

Miljøfondet til SIM har støtta utgjevinga av miljøavisa med 20.000 kroner i 2021.

Framtida.no har òg hatt nokre inntekter frå sal av bilde og artiklar til aviser, debattkurs og leiing av debattar og bokbad.

Språkkurs for kommunane

I 2021-2022 gjennomførte me 16 kurs i medlemskommunane våre. 14 av kursa var ordinære På saklista-kurs (fire digitale, ti fysiske), og to var pilotkurs på nye kurstypar:

På tavle og på skjerm – kurs for lærarar i Hemsedal kommune.

Kurs for tilsette med framandspråkleg bakgrunn i Ålesund kommune. Me har halde kurs i alle kommunar som har bede om det. Me trur

at det er potensiale for å auke kursverksemda monaleg med meir informasjon ut til medlemmene, ut ifrå tilbakemeldingar me har fått. Sidan våren 2022 har me jobba meir med informasjon om kursa, og me opplevde auka interesse for kursa hausten 2022.

Fretland & Fretland AS i Lærdal har sidan 2020 hatt ansvaret for utvikling, innsal og gjennomføring av kursa til LNK. Språkkursa skal framleis kvalitetssikrast fagleg av HVL. Kursboka for På saklistakurset er framleis På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett av Jan Olav Fretland. Deltakarar oppfattar «På saklista» som både eit språkkurs, eit saksbehandlingskurs og eit klarspråkkurs. Tilbakemeldingane deira er svært gode, og dei legg vekt på nytten av kurset i den kommunale kvardagen. Kursa går over to dagar.

Pilotkurset for På tavle og på skjerm vart gjennomført under strenge koronatiltak, så dette vart heildigitalt. Planen for dette kurset framover er å ha 1–2 fysiske samlingar med 4–5 kortare digitale samlingar mellom. På dette kurset er Rett & Godt (Søyland/Fretland) kurshefte.

Pilotkurset for kurs for tilsette med framandspråkleg bakgrunn skal etter planen fullførast i mars 2022, etter oppstart i oktober 2021. Dette kurset starta med ei fysisk samling, og vil bli avslutta med ei ny fysisk samling, med 3–4 digitale samlingar mellom. Me har ikkje utvikla noko eige kurshefte for dette kurset enno. Sidan kurset ikkje er fullørt, ligg det ikkje føre noko intern evaluering enno, men tilbakemeldingane frå deltakarar og vertskommune så langt har vore svært gode.

Nynorsk og digitale læremiddel

Opplæringslova slår fast at elevar har krav på læremiddel på sitt eige språk. Tidlegare var det relativt lett å kontrollera at staten følgde opp pliktene sine på dette området, men læremiddel er ikkje lenger berre bøker. Digitaliseringa har kome for fullt,

også i skulen. Samstundes tek ikkje utviklarar og leverandørar av appar og programvare ansvar for språk i produkta sine. Det kan sjå ut som om nasjonale styremakter heller ikkje vil ta grep på dette området, men heller ønskjer å leggja alt ansvar på enkeltkommunar som skuleeigarar.

Etter at LNK i oktober 2018 første gong oppmoda medlemmene om å ta kontakt med departementet om mangelen på digitale læremiddel på nynorsk, har berre ei handfull kommunar gjort politiske vedtak i saka. På landstinget i Førde i 2019 tok Vaksdal kommune saka opp att, og administrasjonen vart bedd om å senda ut oppmodinga på nytt. Det vart gjort, men framleis har berre nokre få kommunar gjort nye vedtak.

Dei kommunane som har gjort vedtak og sendt inn desse, har alle fått unnnvikande svar frå Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet. LNK har fått signal som peikar i same lei. Direktoratet aksepterer i utgangspunktet ikkje at digitale læremiddel automatisk skal kunna definerast som ordinære læremiddel, og at det såleis ikkje er eit krav at dei skal liggja føre på både nynorsk og bokmål. Vidare argumenterer direktoratet og departementet med at dette er skuleeigars ansvar, noko som sjølvstøtt er lite effektivt, upraktisk og byråkratisk. I praksis fører dette til at nynorskelevar i dag må bruka mange læremiddel på bokmål eller engelsk.

Det er svært viktig at nynorskkommunane står saman om å krevja digitale læremiddel både på nynorsk og bokmål. Nokre kommunar har altså alt gjort vedtak om at dei ikkje vil kjøpa inn programvare som ikkje finst på nynorsk, men i praksis er dette vanskeleg når det ikkje finst tilsvarende relevant programvare på nynorsk, av og til heller ikkje på bokmål. Sidan krav frå kommunane til enkeltleverandørar i praksis gjer lite inntrykk på store internasjonale konsern, bør kommunane halda fram med å stilla krav til Kunnskapsdepartementet

om at digitale læremiddel kjem inn under opplæringslova, gjennom ei forskrift eller ei lovendring. Situasjonen i dag er uro og frustrasjon i skule, i kommunane og i nynorskorganisasjonane over ein klassisk situasjon: eit forelda lovverk som ikkje er tilpassa dagens teknologi. Den nye opplæringslova som etter planen skal opp i Stortinget våren 2022 ville ha vore eit godt høve til å rydda i desse problemstillingane, og både LNK og andre språkorganisasjonar har spelt inn framlegg om ymse tiltak. LNK har i si fråsegn lagt hovudvekt på nettopp digitale verktøy i skulen.

I desember 2020 gjekk LNK, Noregs Mållag, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum saman om eit initiativ for å få norske kommunar til å stilla seg bak eit opprop til Google Norge om nynorskversjonar av programvare til bruk i skulen. Oppslutnaden frå kommuane var god, men eit førebels svar frå Google var lite konkret og forpliktande.

Språkplanar

Mal for kommunal språkplan er teken ut av den siste utgåva av «På saklista»- kursheftet. Ein ny og sterkt oppdatert versjon av LNK-malen er tilgjengeleg på LNK.no. Det er også laga ein eigen mal for språkdelte kommunar som ønskjer å vera reelt språknøytrale. Dosent emeritus Jan Olav Fretland ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) har hatt ansvaret for begge dei nye malane. Hausten 2022 utarbeidde LNK ei undersøking i lag med Nynorsk kultursentrum om språkarbeidet til kommunane. Denne blei sendt ut til alle kommunar med fleire nynorske elevar. Resultatet av undersøkinga blir lagt fram våren 2023.

Nynorske læremiddel for framandspråklege

Mangelfull opplæring for framandspråklege er eit tema LNK har hatt på dagsordenen dei siste åra. Mange nynorskkommunar nyttar framleis bokmål som opplæringsmål for framandspråklege. Ifølgje ei

undersøking LNK gjennomførte i haust, hadde litt under halvparten av nynorskkommunane opplæring på nynorsk for vaksne framandspråklege. Det talet er LNK ikkje nøgd med.

Eit av argumenta for å velja bokmål som opplæringsmål, er at det finst altfor få læremiddel på nynorsk for denne gruppa, og at det som finst, er for dårleg. Fram til 2019 har tilfanget auka, ikkje minst takka vera det arbeidet Kompetanse Noreg gjer og støtta dei har gjeve. Men sidan 2016 har ikkje Kompetanse Noreg gjeve ny støtte til nynorske læremiddel. Og 54 av 55 kommunar som svara på spørjeundersøkinga til LNK ønskjer betre tilgang på nynorske læremiddel. LNK arbeider for at det kjem fleire midlar til fleire læremiddel på nynorsk. LNK og Nynorsk Forum har tatt opp saka i budsjettøyringa til Kommunalkomiteen på Stortinget. LNK har òg tatt opp saka i møte med Hordalandsbenken og Sogn og Fjordane-benken saman med Nynorskfylket Vestland – og i direkte kontakt med enkelte stortingsrepresentantar og har bede om møte om saka i brev til statsråden for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

LNK er medlem i ei arbeidsgruppe i Kompetanse Noreg og bidreg der til å setja desse spørsmåla på dagsordenen. I 2021 har Nils R. Sandal og Arnfinn Vigrestad representert LNK i gruppa. Frå 2022 representerer Marit Nerås Krogsæter LNK i denne gruppa.

Slik det er i dag, vert avgjerd om målform for framandspråklege i mange kommunar overlate til rektorane og dei som underviser. Dette meiner LNK er uheldig. Slike saker bør opp på den politiske dagsordenen. Derfor oppmodar LNK kommunepolitikarane om å ta tilbake den politiske styringsretten på dette området. Temaet var oppe på landstinget i 2021, og kjem til å bli arbeidd vidare med framover.

Høyringar

LNK har, både direkte og gjennom paraplyorganisasjonen Nynorsk forum, vedteke fleire høyringsfråsegner i 2021 og 2022. Dei viktigaste er sjølv sagt om språklova, opplæringslova og forskrifta til språklova.

LNK har levert fråsegn til desse høyringane i 2022:

- Regional plan: kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035 Vestland
- Sluttrapport til rammeplangruppa for barnehagelærerutdanninga
- Forskrift til språklova

LNK ved dagleg leiar har dessutan deltatt på budsjett høyring i Kommunalkomiteen og Familie- og kulturkomiteen på vegner av Nynorsk forum – og hatt møte med statssekretær i Kultur- og likestillingsdepartementet Odin Adelsten Aunan Bohmann om ei fellessatsing saman med Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum.

Andre verv

Ål vart kåra til «Årets nynorskkommune» i 2021 medan Vestland fekk prisen i 2022. Språkrådet legg dei faglege føringane for desse årvisse utdelingane, medan Kulturdepartementet deler ut prisen. I 2021 og 2022 var det kulturminister, Anette Trettebergstuen, som stod for utdelinga. Dagleg leiar i LNK var med i juryen.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum som har hovudkontor i Ørsta, og avdelingar i Ulvik og Vinje. Nestleiar Gunnar Strøm er rådsmedlem, medan Hallvor Lilleslett er vararepresentant. LNK er medstiftar i Nynorsk avissenter i Førde, saman med Firda Media as og Mediebedriftenes Landsforening (MBL). Svein Olav B. Langåker er styremedlem.

LNK driv Magasinett og Piron med utgangspunkt i langsiktige avtalar med dei to stiftingane. Begge avtalane vart reviderte i 2019. Dagleg leiar i LNK har vore

styreleiar i begge stiftingane, men på årsmøta i 2021 overtok Svein Olav Langåker desse verva. Langåker har også hatt det administrative ansvaret for drifta av Magasinett og Piron, men frå hausten 2022 har Andrea Nøttveit tatt over ansvaret for Magasinett.

Nasjonallbiblioteket inviterte i 2019 LNK med i prosjektet «E-translasjon», saman med mellom andre Språkrådet. Dagleg leiar er med i styringsgruppa, medan Jan Olav Fretland representerer LNK i arbeidsgruppa. Sakspapira frå fleire nynorskkommuner ligg i Språkbanken. Det blei nokså stort, og har 127 millionar ord. Av dei er 88,5 millionar på nynorsk. LNK har vore medlem i organisasjonen Nynorskfylket sidan tiltaket vart skipa i Førde i 2015. Etter regionreforma vart organisasjonen ført vidare som Nynorskfylket Vestland, no med fylkeskommunen Vestland som politisk og administrativ pådrivar. LNK er framleis med i organisasjonen, og dagleg leiar har vore med i arbeidsgruppa i forumet.

Hausten 2022 var LNK med som medstiftar til Nynorsk bedriftsforum saman med Noregs Mållag, Akka, Nynodata, Ulstein Group og Maritim foreining for Søre Sunnmøre. Dagleg leiar er medlem i det nyoppretta styret.

Medlemer

Medlemstal var per 31. desember 2019 126, det høgaste medlemstalet i LNK si historie. Av desse medlemmene var 104 kommunar, fire fylkeskommunar og 18 regionråd/andre kommunale selskap. Medlemstalet har vore stabilt veksande gjennom fleire år. Grunna samanslåingar som følgje av kommune- og regionreformene vart talet på medlemer per 1. januar 2020 redusert til 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 18 regionråd/andre IKS. Medlemstalet har seinare vore stabilt.

Styre

På Landstinget 2021 gjekk Solfrid Borge, Nils R. Sandal og Jarle Skartun ut av styret, medan Sara Hamre Sekkingstad, Jarand Felland og Kåre Martin Kleppe kom inn. Etter dette har styret i LNK vore sett saman slik:

Sara Hamre Sekkingstad (leiar)

Gunnar Strøm (nestleiar)

Hallvor Lilleslett

Magnus Mjør

Kari Vaage Gjuvslund

Vara:

1) Marit Nerås Krogsæter (1. vara møter fast i styremøta)

2) Jarand Felland

3) Kåre Martin Kleppe

Økonomi

Samla rekneskap for 2022 syner eit overskot på kr 263 883. Resultatet vart brukt til å styrkja eigenkapitalen i organisasjonen. Av ein omsetnad på 8,4 mill. i 2022 var 2,9 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, 1,8 mill. medlemskontingent, medan 3,7 mill. var egne inntekter; først og fremst prosjekttilskot og annonsesal, samt tilskot frå samarbeidspartnarane Fagforbundet og KLP Forsikring. Begge desse avtalane vart fornya i 2021 og gjeld no fram til 2025. Ein samarbeidsavtale med Hotell Bondeheimen har ein verdi på om lag 100 000 (gjeld gratis overnatting for tilsette/styre), men denne summen er ikkje synleggjort i rekneskapen. I korona-åra vart denne avtalen i praksis lite nytta.

Samla rekneskap for 2021 syner eit underskot på kr 197668. Dette blir dekt frå eigenkapitalen. Av ein omsetnad på 8 mill. i 2021 var 3 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, 1,7 mill. medlemskontingent, medan 4,3 mill. var egne inntekter;

Revisjon

Vekst revisjon i Oslo er vald som revisor for LNK.

Nye leiarar

Vidar Høviskeland var dagleg leiar i 2021, og pensjonerte seg i desember 2021 etter mange år som dagleg leiar.

Rekneskapsførar/økonomimedarbeidar Ola Relling jobba i 14% stilling ut februar 2022 for å fullføra rekneskapen for 2021. Frå 2022 tok Ecit Stord over som rekneskapsførar for LNK.

Frå 1. januar 2022 tok Svein Olav B. Langåker som dagleg leiar. Han kom frå rolla som redaktør for Framtida.no og Framtida Junior. Langåker er statsvitar, og har tidlegare jobba i 20 år i pressa – mellom anna for Bladet Sunnhordland, VG og Dagen – før han i 2010 starta i LNK for å starta opp Framtida.no. Langåker held fram som redaktør for Framtida Junior og Pirion.

Redaksjonsleiar Bente Kjøllesdal leia Framtida.no-redaksjonen ut mars. Sidan 1. april har Andrea Nøttveit leia Framtida.no-redaksjonen. Ho kom tilbake til Framtida.no etter eit knapt år som kommunikasjonsrådgjevar for Grønn Byggallianse. Nøttveit er utdanna journalist, og har sidan 2013 jobba som journalist for Framtida.no.

I 2021 hadde Framtida.no ein redaksjon på vel fire årsverk. Svein Olav B. Langåker og Bente Kjøllesdal jobba gjennom heile året. Birgitte Bakken starta i januar og har jobba for Framtida.no og Magasinett. Ingvild Eide Leirfall kom tilbake frå morspermisjon i oktober. Nyheitsleiar Andrea Nøttveit jobba ut mai. Då tok Bente Kjøllesdal over som nyheitsleiar. Eirik Dyrøy Lotsberg starta i august som journalist i Framtida.no på deltid.

I mai og juni 2021 jobba praksisjournalist frå Nynorsk Avissenter Kristiane Nerdrum Bøgwald. Karine Jonsrud Pedersen, Kristina Kassab Liland, Ida Johanne Aadland og Emilie Hansen var sommarvikarar i 2021. Eirik Tangeraas Lygre har òg levert fleire saker til oss. Me har òg knyta til oss fleire frilansarar, noko som har hjulpet oss med å få

journalistikk frå fleire stader i landet. Magnus Rotevatn, Jannicke Totland og Elise Solvåg var faste bokmeldarar. Janne Nerheim og Marte Husabø er tilsett fast som journalistar i Framtidajunior.no. Husabø fekk permisjon i eitt år frå 1. august 2022. I tida etter har Eirik Dyroy Lotsberg jobba deltid som vikar, og i desember har òg Vilde Hjertholm Lunde jobba som vikar.

Redaksjonen har hatt kontor i Oslo og på Stord. På grunn av koronasituasjonen har det vore mykje heimekontor på Oslo-redaksjonen.

Konsulentar i meldingsåra har vore Arnfinn Vigrestad, Jan Olav Fretland, Jostein Fretland, Mathias Øvsteng, Marit Kleiven, Gerhard Stoltz, Ottar Grepstad, Trygve Kvandal og Arvid Brurok.

Korona

Gjennom storparten av 2021 og starten på 2022 har alle tilsette stort sett arbeidd frå heimekontor. Dei fleste møta var digitale i denne perioden. Etter nedstenginga vart det omgåande sett i gang tilrettelegging av digitale «På saklista»-kurs, og seinare har dei fleste LNK-kursa vore arrangert på Teams. I desember 2021 var det planlagt ei fysisk årsavslutning og eit styremøte i Oslo, men dette blei utsett til februar.

LNK, ved styreleiar/andre i styret/dagleg leiar, gjennomfører til vanleg opptil 30 medlemsbesøk kvart år. Grunna koronasituasjonen vart alle slike fysiske medlemsbesøk avlyste i 2021. I 2022 vart tre medlemsbesøk gjennomført. Talet på medlemsbesøk skal aukast i 2023.

Flytting til Stord

I dei fleste åra Vidar Høviskeland var dagleg leiar, hadde han kontor på Tysnes og i Oslo. Men forretningsadressa var heile tida i Oslo. På styremøtet i mai 2022 vedtok styret å flytta forretningsadressa til Stord, der LNK har kontorlokale hos Bladet Sunnhordland midt i Leirvik. Stord har flysamband til Oslo og ligg sentralt til på

Vestlandet, og leigeavtalen med Sunnhordland er særst gunstig. Framtida.no-redaksjonen hadde kontorlokale hos Elbilforeningen i Venstres Hus i Oslo gjennom heile 2021. I februar flytta redaksjonen til litt større lokale i Glasmagasinet-bygget til KLP Eiendom.

Mangfald og inkludering

Styret til LNK vedtok i september 2022 ein strategi for mangfald, inkludering og rekruttering. Mellom tiltaka for å styrka arbeidet:

Internt:

- Ved alle utlysingar av stillingar vil me oppmoda folk med mangfaldskompetanse til å søkja. Me ønskjer å vera ein mangfaldig og inkluderande arbeidsplass, og vil oppfordra alle kvalifiserte kandidater til å søka, uavhengig av etnisk bakgrunn, alder, funksjonsevne, seksuell orientering eller kjønnsidentitet.
- Styret vil òg oppmoda valkomiteen til å sjå etter mangfaldskompetanse når dei ser etter kandidatar til valde verv i LNK.

Eksternt:

LNK vil:

- halda fram arbeidet med å styrkja nynorskopplæringa for vaksne innvandrarak.
- bruka nettverka LNK er med i til å ta opp saker som har med mangfald og inkludering å gjera.
- ta initiativ til å styrka inkludering og mangfald i nynorske medium gjennom kontakt med Nynorsk Avissenter og LLA – og vurderer eit medieprosjekt inspirert av Den mangfaldige scenen til Det Norske Teatret og Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring til Samlaget og Minotenk.
- Elles vil publikasjonane våre halda fram med å skriva om mangfald og inkludering og barn og unge.

LNK har engasjert seg lenge i nynorskopplæring til vaksne framandspråklege, og har eit fast kontaktpunkt/arbeidsgruppe i HK Dir der

dette blir diskutert. Marit N. Krogsæter har representert LNK i denne arbeidsgruppa.

Gjennom tilboda våre for barn og unge er mangfald og inkludering eit viktig tema og stoffområde. Framtida.no har òg heldt fram med å skriva om dei språklege minoritetane i Noreg og samisk kultur og identitet. Framtida.no har òg hatt ein auke i talet på innlegg frå ungdom med ein fleirkulturell bakgrunn, og fleire av vinnarane av skrivekonkurransane til Framtida.no er unge med fleirkulturell bakgrunn. Framtida.no har òg skrive fleire artiklar om diskriminering av unge menneske med funksjonsnedsetjingar. LNK jobbar òg med å rekruttera menneske med fleire bakgrunnar som tilsette og skribentar. Ein av journalistane i Framtida.no har fleirkulturell bakgrunn og ein av sommarvikarane i 2021 hadde fleirkulturell bakgrunn.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein kultur- og

interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Alle kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som gjer bruk av nynorsk språk i skulen og/eller i administrasjonen, kan verte medlemmer i LNK. Organisasjonen har hovudkontor på Stord. I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova er det med dette stadfesta at ein føresetnad om framleis drift er lagd til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Arbeidsmiljøet i LNK er godt. Det har vore lite sjukdomsfråvær i meldingsåra. Ingenting av dette har vore relatert til arbeidsmiljøet, og det har heller ikkje vore skadar eller ulukker på arbeidsplassen. Kjønnbalansen i styret og leiinga er god. Det blir jobba for å betra kjønnbalansen i redaksjonen, og i 2022 laga LNK ein strategi for mangfald, inkludering og rekruttering i organisasjonen. Denne blir følgt opp vidare. LNK driv ikkje med aktivitetar som fører med seg ureining av det ytre miljøet.

Oslo 22.02.2023

Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Svein Olav B. Langåker
Dagleg leiar

Sara Hamre Sekkingstad
Styreleiar

Gunnar Strøm
Nestleiar

Hallvor Lilleslett
Styremedlem

Magnus Mjør
Styremedlem

Kari Vaage Gjuvland
Styremedlem

Sak 3 REKNESKAP 2021-2022

Resultatregneskap			
Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2022	2021
Salsinntekt og offentleg støtte	1	6 621 480	6 064 139
Annan driftsinntekt	1, 2	1 802 183	1 891 584
Sum driftsinntekter		8 423 663	7 955 722
Varekostnad		273 587	581 298
Lønskostnad	3	4 681 357	5 072 547
Annan driftskostnad	4	3 258 668	2 514 505
Sum driftskostnader		8 213 613	8 168 350
Driftsresultat		210 050	-212 628
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		53 650	11 128
Anna finansinntekt		265	4 278
Annan rentekostnad		81	110
Annan finanskostnad		0	336
Resultat av finanspostar		53 834	14 960
Resultat før skattekostnad		263 883	-197 668
Årsresultat		263 883	-197 668
Overføringar			
Avsatt til annan eigenkapital		263 883	-197 668
Sum overføringar		263 883	-197 668

Balanse

Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

Eigedeler	Note	2022	2021
Anleggsmidlar			
Immatrielle eigedelar			
Varige driftsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Obligasjonar		160 879	160 879
Andre langsiktige krav		100 000	100 000
Sum finansielle anleggsmidlar		260 879	260 879
Sum anleggsmidlar		260 879	260 879
Omløpsmidlar			
Krav			
Kundekrav		379 467	115 334
Andre kortsiktige krav		34 551	27 385
Sum krav		414 018	142 718
Investeringar			
Andre finansielle instrument	5	21 144	21 144
Sum investeringar		21 144	21 144
Bankinnskot, kontantar o.l	6	4 733 445	4 257 525
Sum omløpsmidlar		5 168 607	4 421 388
Sum eigedelar		5 429 486	4 682 267

Balanse

Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

Eigenkapital og gjeld	Note	2022	2021
Eigenkapital			
Innskoten eigenskapital			
Opptjent eigenkapital			
Annan eigenkapital		1 655 666	1 391 783
Sum opptjent eigenkapital		<u>1 655 666</u>	<u>1 391 783</u>
Sum eigenkapital		<u>1 655 666</u>	<u>1 391 783</u>
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Annan langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		73 277	51 859
Skyldig offentlege avgifter		269 176	378 339
Annan kortsiktig gjeld		3 431 367	2 860 286
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 773 820</u>	<u>3 290 484</u>
Sum gjeld		<u>3 773 820</u>	<u>3 290 484</u>
Sum eigenskapital og gjeld		<u>5 429 486</u>	<u>4 682 267</u>

22.02.2023
Styret i Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

<u>Sara Hamre Sekkingstad</u> styreleiar	<u>Gunnar Schjelderup Strøm</u> nestleiar	<u>Hallvor Lilleslett</u> styremedlem
<u>Kari Vaage Gjuvslund</u> styremedlem		<u>Magnus Mjør</u> styremedlem

Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar Side 4

Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar

Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingar

Årsrekneskapa er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsippa er nytta:

Tenester vert inntektsførde etter kvart som dei vert leverte.
Tilskot til drifta vert inntektsførde i den perioden dei høyrer til. Tilskot og kostnader til prosjekt vert tekne med i den perioden dei høyrer til.
Krav på kundar og andre krav er oppførde til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.
Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseførde

Note 1 Offentleg tilskot

Dette er generell driftsstøtte frå Kulturdepartementet via Språlrådet (kr 2 910000 kroner).

Note 2 Prosjektstøtte

	<u>2022</u>	<u>2021</u>
Medietilsynet	50 000	50 000
Kulturrådet	722 500	0
Fritt ord	36 000	0
Magasinet	100 000	150 000
Sim miljøfond	320 000	320 000
Sim miljøfond	4 000	20 000
Nynorsk kultursenter	0	265 000
Andre, interneoverf. og periodiseringar	2 223 372	0
	<u>3 455 872</u>	<u>805 000</u>

Landssamanslutninga Av Nynorsk kommunar

Note 3 Lønskostnader og antall årsverk

Lønskostnader

	2022	2021
Løningar	3 584 071	3 695 853
Arbeidsgjevaravgift	581 371	620 081
Pensjonskostnader	472 223	672 426
Andre ytingar	43 692	127 760
Sum	4 681 357	5 116 120

Selskapet har i 2022 sysselsett 7 årsverk.

	Dagleg leiar	Styret
Løn	825 879	92 597
Sum	825 879	92 597

Pensjonsforpliktingane for dei tilsette er dekte ved ei kollektiv pensjonsforsikring som omfattar alle fast tilsette. Forpliktinga er ikkje balanseførd, og den årlege pensjonspremien og eventuelle tillegg betalningar til pensjonspremiefondet vert rekna som pensjonskostnad i året.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i året er på kr.63 700 for revisjon og teknisk bistand med årsoppgjer og likningspapir. Beløpet er eksklusiv meirverdiavgift .

Note 4 Offentleg tilskot

	2022	2022
Driftsstøtte Framtida.no	1 030 000	400 000
Driftsstøtte Framtida jr.	420 000	100 000
Driftsstøtte barnesatsning Famtida jr	0	200 000
Driftsstøtte Magasinett	110 000	100 000
Driftsstøtte Pirion	0	100 000
	1 560 000	900 000

Note 5 Aksjar og egedelar i andre føretak m.m.

Aksjane er oppførde til kostpris som vert rekna som den verkelege verdien.

Landssamanslutninga Av Nynorskkommunar

Note 6 Bunde midler

I posten er eit bunde bankinnskot på kr. 166 506 som skal dekkje skuldig skattetrekk 31/12.



Vekst Revisjon AS

Partnere:

Statsautorisert revisor Syver Tønnesen
Statsautorisert revisor Per M. Michelsen
Statsautorisert revisor Daniel Rypdal
Medlemmer i Den norske revisorforening

Til landsmøtet i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Landssamanslutninga av nynorskkommunar sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 263 883. Årsrekneskapen er samansett av balanse pr. 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato og nøter til årsrekneskapen, herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og
- gir årsrekneskapen eit rettvisande bilete av organisasjonen si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av Landssamanslutninga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiingas ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til Landssamanslutninga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.


Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggende sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgaver og plikter vises til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, den 3. mars 2023

Vekst Revisjon AS



Per M Michelsen

Statsautorisert revisor

SAK 4 ARBEIDSPROGRAM 2023-2027

NYNORSKKOMMUNANE (LNK) – TIL TENESTE

PRINSIPPROGRAM

LNK skal leggja til rette for at medlemene kan vera aktive og stolte nynorskbrukarar og medvetne i språkspørsmål.

LNK skal arbeida for å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege. LNK skal ta eit ansvar for språkutviklinga i medlemskommunane, og ta på seg informasjons- og kulturfaglege oppgåver som set nynorsk inn i nye samanhengar.

LNK skal vera ein pådrivar i høve til sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar kommunane har, for å få dei til å ta språkjamstillinga på alvor. LNK skal vera ein konstruktiv, positiv og framoverretta samarbeidspart.

LNK skal ta opp saker på vegner av medlemene.

LNK skal vera ein medlemsorganisasjon, men samstundes leggja vekt på fellesskapet gjennom å tilnærma seg medlemene på ein måte som stimulerer til dialog og tovegskommunikasjon.

ARBEIDSPROGRAM

1. Arbeid overfor medlemene våre.

LNK skal:

- styrkja språkoplæringa i kommunar, fylke og stat. LNK skal gjera medlemene gode i nynorsk, slik at dei kan tilby gode tenester til innbyggjarane sine
- arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling.
- arrangera fagsamlingar og fellestilskipingar for medlemene
- tilby kursa «På saklista» og «På brett og tavle» gratis til medlemene så langt økonomien tillet dette, og bruka tid på å presentera kursprogramma under rekrutteringsferder/ medlemsbesøk
- arbeida for at medlemene trekkjer inn språk som ein naturleg del av omdømmebygginga
- arbeida for å betra kompetansen kring informasjonsarbeid i kommunane
- arbeida for meir medvetne haldningar til språk og kultur i barnehagane
- synleggjera nynorsk som bruksspråk innanfor alle sektorar – arbeid med å synleggjera nynorsk på nett for barn og unge skal framleis prioriterast
- utvikla og driva Framtida.no, Framtidajunior.no, Magasinett og Pirion og arbeida for at dei får ein meir føreseieleg økonomi
- utvikla og driva vidare kurstillboda for elevar som Framtida.no, Framtidajunior.no og Magasinett driv
- arbeida særskilt inn mot «randsoneskommunane» som er medlemmer i LNK – altså område der nynorsk står svakt og er utsett for språkpress frå områda dei grenser til
- arbeida for at kommunane vedtek språkplanar og integrerer desse i kommunale planverk og at desse tydeleggjer kven som har ansvar for språk i kommunane
- arbeida for gode fellesformuleringar og politikk på anbodsfeltet, som lettar arbeidet til kommunane med å sikra at dei kjøper inn tenester og varer på nynorsk.
- vidareføra LNK-fordelskortet - på nett
- arbeida for at medlemmane til LNK skal få medlemstilbod og medlemsfordelar

2. Arbeid inn mot sentrale styremakter og andre samarbeidspartar

- arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk eller av di dei har språkleg delte parallellklassar/grupper i grunnskulen
- samarbeida vidare med Språkrådet og Nynorsk kultursentrum om kartlegging av haldningar til språk i kommunane
- arbeida for at staten, ut frå demokratismsyn, fører vidare satsinga på ”klarspråk”
- styrkja samarbeidet med dei kommunale organisasjonane – både på arbeidsgivar- og arbeidstakersida
- arbeida for å få på plass årvisse kontaktmøte med KS – også på regionnivå
- synleggjera og organisera nynorsk marknadsmakt - at LNK representerer meir ein halv million menneske som bur i nynorskkommunane, og at om lag 100 000 nynorskbrukarar er tilsette i offentleg sektorarbeida for å setja språkspørsmål på dagsordenen i nye samanhengar
- LNK er for at fleire statlege etatar vert flytta til nynorskkommunar
- arbeida for å styrkja norskfaget i grunnskule og vidaregåande skule
- arbeida for å få på plass att ei ordning med språkleg godkjenning av læremiddel
- arbeida for at framandspråklege får fullgode læremiddel på nynorsk. Det skal vera eit statleg ansvar å syta for at det finst tilgjengeleg læringsmateriell av god kvalitet på nynorsk for framandspråklege
- arbeida for at «nynorskgruppa» i HK Dir utviklar seg til også å bli ein fagleg pådrivar for fleire midlar til nynorsk læringsmateriell for framandspråklege
- arbeida for at arbeidsinnvandrarar frå EØS får same rett til norskopplæring som andre framandspråklege har – finansiert gjennom statlege overføringar
- arbeida for å sikra nynorskbruk også innanfor dei nye organisasjons- og selskapsformene som vert tekne i bruk i det offentleg

- gje fråsegner om og fremja medlemene sine synspunkt og interesser i samband med språk- og kultursaker
- vidareutvikla samarbeidet med ABC Startsidan omkring Framtida.no, Framtidajunior.no og startside.no
- vidareutvikla samarbeidet med relevante programvareprodusentar, og arbeida for at det vert utvikla fleire digitale læremiddel, appar og meir relevant programvare på nynorsk

3. Kontakt med medlemene og informasjonsarbeid

- utvikla den digitale satsinga vidare. Følgja teknologiske nyvinningar og brukarendringar tett.
- føra vidare drifta av Framtida.no, Framtidajunior.no, ABC Startside.no, Magasinet.no, Pirion.no og LNK.no innfor dei budsjetttrammene som til ei kvar tid gjeld
- ha aktiv kontakt med media og relevante styremakter for å få fram aktuelle saker
- utvikla samarbeidet med lokalavisene vidare
- setja av minimum to veker kvart år til medlemsbesøk og rekruttering
- stimulera til samarbeid mellom medlemene gjennom å skipa til konferansar, fagsamlingar og kurs
- arbeida vidare med strategisk nettverksbygging som kan synleggjera nynorskkulturen.

4. Økonomi/administrasjon.

- ha ein tilfredsstillande eigenkapital
- arbeida for å sikra rekruttering av medarbeidarar med mangfaldskompetanse til organisasjonen, og føra vidare dei rekrutteringsstrategiane som til ei kvar tid er vedtekne i styret
- vidareføra dei økonomiske samarbeidsavtalane, og vurderer nye økonomiske samarbeidspartnarar
- føra vidare den noverande, desentraliserte organisasjonsstrukturen, men vurderer alternative løysingar dersom praktiske, økonomiske eller strategiske omsyn skulle tilseia dette

SAK 5 FRÅSEGNER

Det har ikkje kome inn framlegg om fråsegner.

SAK 6 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR

Framlegg frå valnemnda i LNK 2023:

Leiar: Sara Hamre Sekkingstad, Alver (på val i 2025)

Nestleiar: Nils Johan Svalastog Garnes, Vinje

Marie-Helene Hollevik Brandsdal, Årdal

Hallvor Lilleslett, Gol, ikkje på val (på val i 2025)

Øyvind Strømmen, Samnanger

Varamedlemmer (alle for 2 år)

1. Marit Krogsæter, Ålesund

2. Iselin Haugo Stavn, Ål

3. Kåre Martin Kleppe, Tysnes

Valnemnda: Siri Klokkestuen, Jon Rikard Kleven, Magnus Mjør.

Etne 31.03.2023,

Siri Klokkestuen

Framlegg til vedtak:

«Årsmøtet godkjenner valet i samsvar med innstilling frå valnemnda»

Val av valnemnd 2023-2025 – framlegg frå styret

«Valnemnda har vore: Siri Klokkestuen (leiar), Hilde Bjørnsvik og Jon Rikard Kleven.

Styret gjer framlegg om at valnemnd for perioden 2023 – 2025 vert Jon Rikard Kleven (leiar), Hilde Bjørnsvik og Kari Vaage Djuvsland.»

Val av revisor

«Sidan 2015 har Vekst Revisjonskontor i Oslo vore revisor for LNK. Styret rår til attval på Vekst revisjon»

VEDTEKTER FOR LNK

§ 1 FØREMÅL

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) er ein interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

§ 2 MEDLEMER

Alle kommunar og fylkeskommunar som gjer bruk av nynorsk i skulen og/eller administrasjonen, kan vera medlemmer av landssamanslutninga. På same vilkår kan interkommunale tiltak som brukar nynorsk vera medlemmer.

§ 3 LANDSTINGET

3.1 Landstinget sin status:

Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har vore medlemmer i minst to månader før landstinget vert opna, kan møta på tinget med fulle rettar.

3.2 Innkalling til landsting:

Landstinget skal ha møte innan utgangen av juni månad. Innkalling med sakliste skal sendast til medlemene seinast to månader før tinget skal haldast. Endelege sakspapir skal sendast tre veker før tinget finn stad. Framlegg til saker som medlemene ynskjer skal handsamast på tinget, må sendast skriftleg til styret innan 1. mars. Styret skal kalla inn til omframt landsting når minst halvparten av medlemene krev det.

3.3 Representasjon på landstinget:

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar: 1 utsending

Inntil 6.000 innbyggjarar: 2 utsendingar

Inntil 9.000 innbyggjarar: 3 utsendingar

Meir enn 9.000 innbyggjarar: 4

utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde er grunnlag for talet på utsendingar.

Fylkeskommunane har rett til å møta med fem utsendingar, interkommunale tiltak med ein utsending.

Kvar utsending har ei røyst på landstinget. Medlemmer med rett til meir enn ein utsending kan gje ein utsending skriftleg fullmakt til å røysta for å så mange utsendingar ein har rett til å senda.

Styremedlemene møter på landstinget med tale- og framleggsrett, men har ikkje røysterett med mindre dei er valde som utsendingar.

3.4 Vedtak på landstinget:

Vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Endringar i vedtektene og vedtak om oppløysing av organisasjonen krev to tredels fleirtal av dei registrerte røystene (inkl. fullmaktsrøyster) på landstinget.

3.5 Landstinget sine oppgåver:

Landstinget vedtar sjølv endeleg dagsorden, og vel møteleiar, referent og to utsendingar til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.

Fram til tinget er konstituert har styreleiaren ansvaret for møtestyringa.

Ordinære landsting skal alltid

- Godkjenna årsmeldinga.
- Godkjenna revidert årsrekneskap og balanse
- Vedta kontingent, rammebudsjett og handlingsprogram for komande to år.
- Velja styre, valnemnd og revisor.

§ 4 STYRET

4.1 Val av styre:

Styret skal ha fem medlemmer og tre varamedlemmer. "Begge kjønn skal til ei kvar tid vera representerte både blant dei faste medlemmene og varamedlemmene i styret. Styremedlemmene vert valde for fire år, likevel slik at vekselvis to og tre står på val på kvart landsting. Varamedlemmene vert valde for to år.

Ved suppleringsval vert nye medlemmer valde for resten av funksjonstida til den som går ut.

Landstinget vel mellom styremedlemmene leiar og nestleiar for to år om gongen.

4.2 Styremøte:

Leiaren kallar inn til styremøte når han/ho synest det trengst, når dagleg leiar ber om det, eller når minst to av dei faste styremedlemmene krev det.

Styret er vedtaksført når minst tre av medlemmene er til stades. Ved likt røystetal gjer møtestyraren si røyst utslaget.

4.3 Styret sine oppgåver:

Styret leier landssamanslutninga i samsvar med vedtektene og vedtak som er gjorde av landstinget.

Styret har i tillegg desse oppgåvene:

- a) Arbeida ut framlegg til rammebudsjett for komande år, og for toårsperioden fram til komande landsting.
- b) Vedta årsbudsjett innafor dei rammer landstinget har vedteke. Styret kan her også gjera nødvendige endringar i desse rammene.
- c) Sjå til at rekneskapen vert ført i samsvar med lov, forskrifter og god rekneskapsskikk, og syta for at han vert revidert.
- d) Kalla inn til landsting, og førebu dei sakene som skal førehavast på tinget.
- e) Alle andre oppgåver som naturleg høyrer inn under styret.

§ 5 VALNEMND

Etter framlegg frå styret vel landstinget ei valnemnd på tre medlemmer.

§ 6 ADMINISTRASJON

Styret tilset dagleg leiar, fastset kontorstad og vedtar løn og andre arbeidsvilkår. Innafor vedteke budsjett og dei rammer landstinget har sett for drifta, kan styret også oppretta andre stillingar i administrasjonen.

§ 7 MEDLEMENE SINE PLIKTER

7.1 Kontingent:

Medlenskommunane skal betala kontingent i høve til innbyggjartalet, med ein grunnkontingent. Fylkeskommunar og interkommunale føretak skal betala ein fast årskontingent, utan omsyn til folketalet. Den del av kontingenten som byggjer på innbyggjartalet, skal ta utgangspunkt i folketalet per 1. januar.

Landstinget fastset kontingenten etter framlegg frå styret. Styret kan justera kontingentsatsane for det andre året.

7.2 Kontaktperson:

Kvart medlem pliktar å peika ut ein av sine tilsette til å vera kontaktperson for LNK.

§ 8 INNMELDING OG UTMELDING

Innmelding i LNK skal skje skriftleg til styret.

Utmelding av LNK må skje skriftleg og får først verknad to fulle kalenderår etter at slik melding er komen til styret.

§ 9 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene krev to tredels fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene frå andre enn styret må vera innkomne til styret innan 31. desember i året før landstinget skal haldast.

Vedtektene 18. juni 1993, med endring vedteken 9. juni 1995 og endringar vedtektene 7. juni 2001.

LNK FEIRAR 30 ÅR!

Landsting

I vedtektene heiter det at LNK skal skipa til landsting annakvart år. Landstinga er sett saman av ein konferansedel og årsmøte, og medlemene søker sjølve om å få arrangera tinget. I år er landstinget lagt til Sogndal.

Skipingsmøte 1993

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar vart skipa på Bryne i 1993.

Landstinget 1995

Landstinget 1995 vart halde i Ullensvang herad 7. til 9. juni 1995. I alt var det 95 personar til stades. 42 medlemmer var representerte.

Landstinget 1997

Landstinget 1997 vart halde i Ål 26. til 28. mai 1997 og samla i alt 89 deltakarar. 49 medlemmer var representerte.

Landstinget 1999

Landstinget 1999 vart halde i Førde 1. og 2. juni 1999. 84 deltakarar var til stades, og 44 medlemmer var representerte.

Landstinget 2001

Landstinget 2001 vart halde på Bryne 7. og 8. juni 2001. 81 deltakarar var til stades, og 37 medlemmer var representerte.

Landstinget 2003

Landstinget 2003 vart halde i Ivar Aasentunet i Hovdebygda 24. og 25. april. 101 deltakarar var til stades, og 41 medlemmer var representerte.

Landstinget 2005

Landstinget 2005 vart halde på Rauland i Vinje kommune 27. til 29. april. 146 deltakarar var til stades, og 43 medlemmer var representerte.

Landstinget 2007

Landstinget 2007 vart halde i Vågå kommune 27. og 28. august. 150

deltakarar var til stades, og 30 medlemmer var representerte.

Landstinget 2009

Landstinget 2009 vart halde i Stryn kommune. 118 deltakarar var til stades, og 34 medlemmer var representerte.

Landstinget 2011 vart halde på Sand i Suldal kommune og hadde om lag 130 deltakarar, 36 medlemmer var representerte.

Landstinget 2013 vart halde på Voss. Årsmøtet hadde 79 deltakarar, og 30 medlemmer var representerte.



Fire leiarar i LNK på landstinget på Voss:
frå venstre: Jan Magne Dahle, Nils Taklo,
Astrid Myran Aarvik og Solfrid Borge.

Landstinget 2015 vart halde på Gol. Årsmøtet hadde 67 deltakarar, og 29 medlemmer var representerte.

Landstinget 2017 vart halde i Ulsteinvik. Årsmøtet hadde 64 deltakarar, 27 medlemmer var representerte.

Landstinget 2019 vart halde i Førde. Årsmøtet hadde 86 deltakarar, 31 medlemmer var representerte.

Landstinget 2019 vart halde i Stord. Årsmøtet hadde 71 deltakarar, 31 medlemmer var representerte.

MEDLEMER LNK, 31.12.2022

Møre og

Romsdal:

Aukra
Fjord
Giske
Hareid
Herøy
Møre og Romsdal fylkeskommune
Sande
Stranda
Sula
Sykkylven
Søre Sunnmøre IKT
Tussa Kraft as
Ulstein
Vanylven
Vestnes
Volda
Ørsta
Ålesund

Telemark:

Fyresdal
Kviteseid
Midt-Telemark
Midt-Telemarkrådet
Nissedal
Seljord
Tokke
Vest-Telemarkrådet
Vinje

Rogaland:

Bjerkreim
Bokn
Hjelmeland
Hå
Jærmuseet
Klepp
Rogaland fylkeskommune
Ryfylkemuseet

Ryfylke IKS

Saude
Suldal
Time
Tysvær
Vindafjord

Vestland:

Alver
Askvoll
Aurland
Austevoll
Austrheim
Bjørnafjorden
Evinøy
Bremanger
Bømlo
Eidfjord
Etne
Fedje
Fitjar
Fjaler
Gloppen
Gulen
Hardangerrådet
Hyllestad
Høyanger
IS Fjordvegen
Kvam
Kvinnherad
Luster
Lærdal
Masfjorden
Modalen
Osterøy
Sunnhordlandsrådet
Samnanger
Sogn regionråd
Sogndal
Solund
Stad
Stord
Stryn

Sunnfjord
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk (SIM)
Sveio
Tysnes
Ullensvang
Ulvik
Vaksdal
Vestland fylkeskommune
Vik
Voss
Øygarden
Årdal

Viken:

Gol
Hemsedal
Regionrådet for Hallingdal
Ål

Innlandet:

Lom
Nord-Fron
Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
Skjåk
Valdresmusea
Vang
Vestre Slidre
Vågå

Agder:

Bygland
Bykle
Konsesjonskraft IKS
Setesdal regionråd
Sirdal
Valle
Åseral